

Årsmelding 2021

Forum for natur og friluftsliv

Møre og Romsdal

Innhald

1. Innledning*	2
2. Aktiviteten gjennom året*	2
2.1 Saker og temaer*	2
2.2 Arrangementer	3
Desse prosjektene har fortsatt potensiale til formidling til våre organisasjonar.....	4
2.3. Uttalelser*	4
2.4 Møter, befaringar, arbeidsgrupper*	4
2.5 Anna deltaking*	4
2.6 Informasjon*	5
3. Organisatorisk*	5
3.1 Tilsluttede organisasjoner*	5
3.2 Årsmøtet*	5
3.3 Styret*	5
3.4 Administrasjon*	6
3.5 Samarbeid i FNF	6
4. Økonomi*	6
5. Årsrapporten signeres av valde desisorar	7

1. Innledning*

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Møre og Romsdal er eit nettverk for mange friluftslivs- og naturvernorganisasjonar i Møre og Romsdal med til saman over 20 000 medlemskap i frivillige organisasjonar. FNF Møre og Romsdal skal arbeide for å sette friluftsliv og naturvern på dagsorden. Auke bevisstheita om helse og livskvalitet samt kor viktig det er å ta vare på naturen og miljøet rundt oss. Med sin opne form og demokratiske styreform utgjer dei friviljuge natur- og friluftslivsorganisasjonane eit talerør for brukarane av allemannsretten i norsk utmark.

Vi er registrert i einingsregisteret og i tillegg frivillighetsregisteret.

FNF Møre og Romsdal har no 12 organisasjonar under FNF-paraplyen. Eit hovudmål er å skape eit meir forutsigbart og stabilt økonomisk grunnlag for organisasjonane tilknytt FNF. Fast driftstilskot frå fylkeskommunen utan at ein må søkje årleg har difor vore eit mål for FNF. No er det fem organisasjonar av våre 12 som ikkje får dette; Naturvernforbundet og våre fire speidarkretsar.

Fordeling på 3-årig driftstilskot utan å søkje (for perioda 2019-2021):

	2019	2020	2021
Forum for Natur og Friluftsliv	214 000	219 500	226 000
Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal	230 000	236 000	243 000
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal	230 000	236 000	243 000
Sunnmøre friluftsråd*	230 000	230 000	237 000
4H Møre og Romsdal	106 000	108 000	112 000
Turistforeningene i Møre og Romsdal	300 000	307 500	317 000
Totalt	1 316 000	1 337 000	1 378 000

Fylkeskommunen har uttalt at dei vil behandle alle paraplyorganisasjonar (der FNF er ein av fleire) likt knytt til driftstilskot i neste periode (2022-2024). Vi har hatt eige møte med fylkeskommunen om dette i 2021.

FNF Møre og Romsdal har hatt som mål at alle dei 12 organisasjonane skal ha dei same rammebetingelsane før ein vurderer vidare utviding av organisasjonen.

Å fokusere på dei grønne verdiane og føre ordet for dei som ikkje kan prate for seg sjølve (naturen) er mykje godt eit ombodsarbeide som samfunnet ikkje nødvendigvis ser nytta av. Men akkurat no er det mykje fokus på klima og berekraft (og kororona) som gjer det litt lettare å bere fram våre tankar til beste for kloden vår og menneska som bur der.

2. Aktiviteten gjennom året*

Aktiviteten gjennom året varierer med årstidene. Aktivitetane har hatt utgangspunkt i handlingsplana for året, sakene oppe i styret samt dei sakene som kjem i søkeljoset til einkvar tid.

2.1 Saker og temaer*

- Fast årleg driftstilskot u/søknad; klage på at Naturvernforbundet vart fråteke fast årleg driftstilskot samt at speidarane ikkje får fast årleg driftstilskot
- Kommuneplan/reg.plan; heile fylket

- Sikring av areal til friluftsmål; Rauma, i Molde, på Aukra, Ulsteinvik, Ørskogfjellet, Kristiansund
- Kartfesting og verdsetting av friluftsområder - ferdselsårer
- Skjøtseltiltak i verneområda/utvalde naturtypar, pollinerande insekt, lyngbrenning/slått,
- Friluftslivsplanlegging, turstiar, toalett (spelemidlar); heile fylket
- Friluftslivsloven; klarering kva som er lov og ikkje ved stirydding, hengekøye og betaling
- Frislepp av snøskuterkøyring, prøveordning for kommunar, nytt lovverk motorisert ferdsel
- Ny vasskraftutbygging; Nøvedalselva, Smisetfossen
- Revidering av gamle konsesjonar; Svorka, Istad, Grytten, Innfjordselva, Tafjordvassdraget
- Sykkel; sykling i tunellar, sykkelplan, elektrifisering av sykkel i høve til friluftsløva
- Inngrep i urørt natur; vindmøller
- Forsøpling i naturen; brenning, nedgraving og villfyllingar
- Jordvern; Kleive, Ørsta
- Skjergardsteneste; korleis organisere denne best mogleg
- Felles møtestad; Speidarhuset og alternative stader som Romsdal Kystkultursenter, Banehaugen, Romsdalsmuseet
- Forureining; kor blir dei gamle kunstgrasbanene av ?
- Storviltforvaltning – jakt og informasjon
- Prosjekt «Draumeplassen» i regi av 4 H
- Friluftslivsbarometer ala Naturkampen
- Bybonden – matproduksjon i byen
- Snarvegane i Molde
- Romsdalsgondolar og andre gondolar i landet
- Veøya og tilrettelegging for friluftsliv og registrering av kulturplanter, skiltplan
- Friluftslivets veke
- Villcamping og hengekøyparkar
- Fossane våre, Vinnufossen, Mardalsfossen, Mongefossen og andre
- Vipe og storspoveprosjekt
- Høyringsradaren

2.2 Arrangementer

Det var planlagt ein fysisk friluftskonferanse i 2020 saman med fylkeskommunen. Denne vart avlyst grunna korona. Denne fysiske samlinga vart då omberamma til FNF-spleisen som er ein nettbasert (desentralisert) løysing med ulike bidrag. Dei ulike bidraga er fordelt på dei to åra 2020 og 2021 på denne måten;

Årstal	Prosjekt	Søkar	Tilskot
2020	På tur med Naturvernblikk	Naturvernforbundet (Volda/Ørsta)	10000
2020	Snarvegane	Naturvernforbundet (Molde)	10000
2020	Utemix	Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal	25000
2020	Frittframifriluft/aktivitetskoffert	4 H Møre og Romsdal	20000
2020	Turer med fellestransport	DNT Sunnmøre	10000
2020	Nedlagt tursti – til glede for villreinen	DNT Romsdal	20000
2020	Veøya meir open for ålmenta	DNT Romsdal	5000
2021	Avkjørseler og turparkering	Naturvernforbundet i M&R	15000
2021	Sporløs ferdsel	Nordmøre og Romsdal Friluftsråd	20000
2021	5 spørsmål om friluftsliv til NYE Mørebenken	Begge friluftsråda	50000
Totalt			185000

Desse prosjektene har fortsatt potensiale til formidling til våre organisasjonar.

2.3. Uttalelser*

- Brev til Gjemnes kommune om p-avgift på Fursetfjellet
- Massetak/avfallsplass på Gjermundnes
- Brev til Fjord kommune om p-avgift på Overøye
- Sjøppelbrenning i Hustadvika
- Høyring – oppstartsmelding detaljregulering Retiroskogen
- Høyring av søknad om løyve til uttak av vatn frå Gjerdetvatnet i Rauma kommune i Møre og Romsdal
- Gjermundnes massetak i Vestnes kommune
- Hengekøypark i Isterdalen
- Hengekøypark på Digermulen og ved Sandan i Midsund
- Friluftsløva – ulovleg stengsel på Flisneset
- Hengekøypark ved Midsundtrappa/Digermulen
- Friluftsløva – stengsel/avgift ved Osvatnet
- Vilårsrevisjon i dei regulerte vassdraga – kommunane i Møre og Romsdal
- Kommunedelplan for E39 Julbøen – Molde kommune
- Høyring reguleringsplan Notaholmen, Molde kommune

- Uttalelser fra tilslutta organisasjonar der FNF har hatt ein eller annan funksjon eller rolle i prosessen

2.4 Møter, befaringar, arbeidsgrupper*

Befaringar og møter knytt til ulike saker. Vi meldte inn vårt ønskje om eit møte med fylkeskommunen om driftstilskotet tidleg i året. Dette møtet vart diverre ikkje gjennomført før dei ulike organisasjonane søkte om driftsmidlar.

2.5 Anna deltaking*

FNF har ein repr. i verneområdestyret for Trollheimen, Ragnar Halle for NJFF, ein representant i det rådgjevande utvalet (RU) for Trollheimen; Øystein Folden, to repr. i rådgjevande utval for Reinheimen; Knut Festø frå Naturvernforbundet og Oddbjørn Opstad frå NJFF og ein repr. v/ Åsmund

Steen frå DNT Sunnmøre i rådgjevande utval for Geiranger /Herdalen). FNF sit som observatør i Veøyutvalet ved koordinator. Det har så langt vi veit, ikkje vore møte i 2021 i rådgjevande utval i Geiranger, Reinheimen, Dovrefjell eller Trollheimen.

FNF Møre og Romsdal deler ein plass i RU for Dovrefjell med Trøndelag. Her har ein ikkje funne fram til ein felles representant.

FNF deltok ved koordinator og Maria Holo Leikarnes hausten 2021 på FNF-regionsamling på Herdla.

2.6 Informasjon*

FNF Møre og Romsdal har eiga nettside (<https://fnf-nett.no/more-og-romsdal/>) der vi til ein kvar tid legg ut informasjon. Denne sida er nok ikkje mykje brukt. Så det er nok den informasjon vi køyrer ut til media og dei konkrete sakene som spreia mest. I ein skilde saker har vi sendt ut pressemelding.

3. Organisatorisk*

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Møre og Romsdal er eit nettverk for mange friluftslivs- og naturvernorganisasjonar i Møre og Romsdal med til saman over 20 000 medlemskap i frivillige organisasjonar. Desse samt to friluftsråd utgjer dei 12 organisasjonane som utgjer vår paraplyorganisasjon.

3.1 Tilsluttede organisasjonar*

Pr dato har FNF Møre og Romsdal følgende medlemmer. Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Fylkeslag av Norges Jeger- og Fiskerforbund, DNT Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, DNT Sunnmøre, Kristiansund og Nordmøre Turistforening, 4H Møre og Romsdal, Norges Speiderforbund Romsdal og Nordmøre krets, Norges Speiderforbund Sunnmøre krets, Nordmøre og Romsdal krets KFUK- KFUM speiderne, Sunnmøre krets KFUK- KFUM speiderne.

3.2 Årsmøtet*

Årsmøtet 2021 vart halde 9 mars på den nettbaserte løysinga teams. Av våre 12 tilknytt organisasjonar møtte 9 organisasjonar. Saker til handsaming var vanlege årsmøtesaker jfr våre vedtekter. Det var også oppe ei sak om vedtektsendring, jfr sentrale føringar om ein mal for vedtekter for heile landet, som vart vedteken.

3.3 Styret*

I 2021 har Åsmund Steen (DNT Sunnmøre, vald for 2021) vore styreleiar for FNF Møre og Romsdal. Styret har vore samansett slik

- Ålesund-Sunnmøre Turistforening: Fast Åsmund Steen, vara Maria Holo Leikarnes (vald for 2021)
- NJFF – Møre og Romsdal: Fast Åsa Fredly, vara Monica Malmedal (vald for 2021-2022) *
- Naturvernforbundet: Fast Øystein Folden, ingen vara (vald for 2020-2021)
- Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal: Fast Ola Fremo, vara Mattis Mikkelsen (vald for 2020-2021)
- Sunnmøre friluftsråd: Fast May Britt Haukås, vara Anne Berit Støyva Emblem (vald for 2021-2022)

- NSF+ KFUK-KFUM: Fast Patrick Gule (vald for 2021-2022), ingen vara vald for perioda.

*Årsmøtet valde Fredly som fast representant for NJFF, men i løpet av året vart vararepresentant Monica Malmedal fast representant

Det har i 2021 vore halde 3 styremøter og det har vore 12 styresaker.

3.4 Administrasjon*

Ansatt som koordinator har vore Ingbjørn Bredeli i ein 100 % stilling.

Arbeidsgivaransvaret ligg til Forum for Natur og Friluftsliv (sentralt). FNF Møre og Romsdal har sia 2018 har hatt kontor på Molde gamle stadion, Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE. Kontoret er bemanna av koordinator med tlf. 46431427 med epostadresse; moreogromsdal@fnf-nett.no. Kontoret er plassert saman med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og DNT Romsdal.

3.5 Samarbeid i FNF

I koronaåret 2021 har vi hatt lite fysiske treffpunkt, men desto fleire nettbaserte. Dei nettbaserte kontaktane er fordelaktig med omsyn til ressursbruken og oppmøte-prosenten. Det var planlagt ein fagsamling for organisasjonane tilknytta FNF den 8-9 des 2021. Grunna regjeringa Støre sin oppfordring den 7 des grunna koronaen vart denne samlinga utsatt.

4. Økonomi*

Vi gjekk inn i driftsåret 2021 med ein eigenkapital på kr 312 454. Budsjettet for 2021 var satt opp med eit underskot på kr 114 900 for å få ein eigenkapital på om lag kr 200 000.

Vi har motteke driftstilskot for 2021 på kr 226 000 (225 500) frå Møre og Romsdal fylkeskommune og kr 95 000 frå FNF sentralt. Elles er det kome nokre midlar (kr 45 000) inn i kassa vår knytt til konkrete prosjekt frå Fylkesmannen/Statsforvaltaren.

Grunna koronaepidemien (2020-) har fleire tiltak ikkje latt seg gjennomføre som planlagt, og reising, møter med vidare har vorte redusert. Styret har lagt ein særskilt plan for bruk av overskotsmidla i 2021 for å gjere ein ekstra innsats for FNF sine kjerneoppgåver. Styret har mellom anna nytta desse midlanetil «FNF-spleisen» som er felles tiltak som sett natur og friluftsliv i sentrum.

Rekneskapen er gjort opp med eit underskot på kr 32 751 som er foreslått trekt frå eigenkapitalen, som då blir på kr 279 703 disponibelt til driftsåret 2022. Når det gjeld øvrige budsjettpostar, viser vi til rekneskap for 2021.

5. Årsrapporten signeres av valde desisorar på årsmøtet

For styret

Åsmund Steen

Anne Berit Støyva Emblem

Øystein Folden

Ola Fremo

Monica Malmedal

Patrick Gule

Koordinator

Ingbjørn Bredeli

For årsmøtet



Karianne Ellefsen Skotte

Desisor



Ola Fremo

Desisor